



Sunnfjord
kommune



Eigarskapsmelding 2024–2025

Kommunedirektøren sitt framlegg datert 20.08.2024



Innhald

Del I GENERELL DEL – EIGARSTRATEGI.....	3
1. Innleiing.....	3
2. Tilrådingar frå KS.....	4
3. Organisasjonsformer	5
4. Omfanget av kommunalt eigarskap i Sunnfjord kommune.....	6
5. Eigarrola	8
6. Utøving av kommunalt eigarskap	11
Del II OMTALE AV KVART SELSKAP.....	15
Ankerløkken Eigedom AS.....	16
Eninvest AS	17
Firda Billag AS	18
Førde Sør AS.....	19
Sunnfjord Tomteselskap AS	20
Jostedalsbreen AS.....	21
Jølster Skisenter AS	22
Kinoalliansen AS.....	23
Kystvegen Måløy – Florø AS.....	24
Naustdalstunet AS	25
Origod Holding AS	26
Rødekorsbygget AS.....	27
Sogn og Fjordane Energi AS.....	28
Sogn og Fjordane Holding AS	29
Teater Vestland AS.....	31
Stardalen Bygdetun AS	32
Eviny AS	33
Sunnfjord Utvikling AS	35
SunnLab AS	36
Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS	37
Nordfjordbrua AS	38
Vann Vest AS.....	39
Campus Førde verftet AS.....	40
Kommunekraft AS.....	41
Alden hamneområde	42
Vestland revisjon kommunale oppgåvefellesskap	43



SEKOM sekretariat.....	44
SYSIKT Kommunalt Oppgavefellesskap.....	45
Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktsamarbeid IKS	46
Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS.....	47
Sunnfjord Miljøverk IKS	48
Bergen brannvesen (110Vest)	49
Brann og feiarvesenet	50
Folkehelseavdelinga	51
Stiftinga Krisesenteret i Sogn og Fjordane	52
Utviklingsfond for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.....	53
Interkommunalt utval mot akutt ureining – I Sogn og Sunnfjord.....	54
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival.....	55
Stiftinga musea i Sogn og Fjordane	56
NOK. Sogn og Fjordane	57
KLP (Kommunal Landspensjonskasse)	58
Nordfjord vassområde	59
Sunnfjord vassområde.....	60
Landssamanslutninga for Vasskraftkommunar (LVK)	61
Landssamanslutninga for Nynorskkommunar (LNK).....	62
Transparency International Norge.....	63

Del I

GENERELL DEL – EIGARSTRATEGI

1. Innleiing

Dette er den tredje eigarskapsmeldinga som blir utarbeidd for Sunnfjord kommune. Meldinga gjeld for åra 2024–2025, og i vedteken [planstrategi for Sunnfjord kommune](#) er det lagt opp til rullering annan kvart år. Det er kommunedirektøren som har ansvar for rullering av meldinga, etter bl.a. rapportering frå eigarrepresentantane.

Del I av eigarmeldinga omhandlar kommunen si eigarrolle og korleis kommunalt eigarskap skal utøvast der det kjem fram synspunkt og vurderingar av m.a. prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, korleis utøve kommunalt eigarskap samt regelverk knytt til habilitet – folkevalde i ulike rollar.



Eigarskapspolitikk er dei overordna føringane som kommunen legg til grunn for forvaltinga av selskapa og eigardelane. Det gjeld dei system, retningslinjer og rutinar kommunen har for å praktisere eigarskapen. Det omfattar vurderingar som blir gjort før val av selskapsorganisering, rutinar for rapportering, premissar for val av medlemmer til styrande organ mm. Eigarskapspolitikk er det praktiske rammeverk for kommunen si styring.

Eigarstrategi er dei føringar kommunen legg til grunn for dei ulike selskapa for å sikre at selskapa følgjer dei målsettingar som eigarane har bestemt. Det blir gjort gjennom fastsetting av vedtekter og føremål samt å gje rammevilkår som er styrande for kvalitet og utvikling av selskapa

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommunen har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap. I tillegg er det utarbeidd ei oversikt over stiftingar der kommunen er medstiftar.

2. Tilrådingar frå KS

Kommunar har stor fridom til å velje korleis tenestene og verksemda skal organiserast. Når tenesteproduksjon blir skilt ut som eigne føretak eller selskap, endrar det rammene for folkevalt styring og kontroll. Kommunestyret får då ei eigarrolle og må styre selskapet gjennom selskapet sitt eigarorgan. Denne rolleendringa endrar likevel ikkje kommunestyret sitt ansvar for den samla kommunale verksemda.

For at folkevalde skal kunne påverke og styre selskap i tråd med dei føremål som er sett, er det viktig å vere bevisst handlingsrommet og at eigarskapspolitikken blir gjenstand for ein brei og heilheitleg prosess.

[Tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#) gjev innleiingsvis ei oversikt over selskapsformer og alternative organisasjonsformer. Vidare inneheld det eit eige kapittel om anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll omfattar. Heftet skisserer 21 tilrådingar:

1. Velje selskapsform ut frå formål og behov
2. Skilje mellom skjerma verksemde og verksemde i konkurranse med private
3. Sørge for god kunnskap til folkevalde om eigarskap
4. Utarbeide ei årleg eigarskapsmelding til kommunestyret
5. Revidere styringsdokument og avtalar jamleg
6. Halde jamlege eigarmøte
7. Som hovudregel bør sentrale folkevalde veljast som representantar i eigarorganet
8. Sørge for å vere med å bestemme innkallingsfrist til generalforsamlingar og representantskapsmøte
9. Sørge for god samansetning og kompetanse i styret
10. Vedtektsfeste bruk av valkomité ved styreutnemning
11. Sørge for balansert kjønnsrepresentasjon i styre
12. Lage rutinar for å sikre nødvendig kompetanse i selskapsstyra
13. Som hovudregel bør styremedlemmer i morselskapet ikkje sitte i styret til dotterselskap
14. Oppnemning numeriske vararepresentantar
15. Etablere rutinar for vurdering og handtering av habilitet

- 
16. Foreta ei prinsipiell avklaring av godtgjering for styreverv
 17. Registrering av styreverv i KS styrevervregister
 18. Sørge for at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon
 19. Sørge for at selskapsstyra utarbeidar og jamleg reviderer etiske retningslinjer for selskapsdrifta
 20. Avklare forholdet mellom kommunedirektøren og dagleg leiar av føretaket ved opprettning av kommunale føretak
 21. Sørge for at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår til å utøve sin funksjon på ein god måte

Folkevalde i kommunane har eit overordna ansvar for alt kommunen er involvert i. Mellom anna handlar dette om korleis kommunen vel å løyse ulike oppgåver.

3. Organisasjonsformer

Kommunar har ei rekke ulike organisasjonsformer å velje mellom. Nedanfor følgjer ei oversikt av dei ulike alternativa:

Kommunen sin eigen driftsorganisasjon er administrasjonen slik han er organisert under kommunedirektøren.

Kommunalt føretak er ein del av kommunen, men blir leia av eit eige styre og dagleg leiar. Dagleg leiar er ikkje underordna kommunedirektøren. Kommunestyret kan instruere føretaksstyret. Kommunalt føretak høver best for forretningsmessige oppgåver.

Kommunalt oppgåvefellesskap, kommunelova § 19-1, som gjev to eller fleire kommunar høve til å løyse felles oppgåver. Oppgåvefellesskapet kan ikkje treffe enkeltvedtak.

Fellesskapet skal styrast av eit representantskap som kan opprette eit styre. Det skal ligge føre ei samarbeidsavtale.

Interkommunalt politisk råd er eit interkommunalt politisk samarbeidsorgan mellom to eller fleire kommunar. Rådet kan gå myndigkeit til å handsame saker som går på tvers av kommunegrensene, det vil seie saker som er grenseoverskridande. Rådet kan ikkje produsere tenester for innbyggjarar eller kommunane i regionen.

Ein kommune (samarbeidskommune) kan avtale med ein anna kommune (vertskommune) at **vertskommunen** skal utføre oppgåve og treffe vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Kommunar som deltek i eit vertskommunesamarbeid, kan avtale å opprette ein felles, folkevald nemnd i vertskommunen.

Interkommunalt selskap er ei eiga selskapsform laga for interkommunalt samarbeid. Det blir leia av eit representantskap og eit styre. Selskapet er eit sjølvstendig rettssubjekt. Den einskilde kommunen heftar uavgrensa for sin del av pliktene til selskapet.

Samvirkeføretak er eigd av brukarane og skal tene interessene deira gjennom økonomisk verksemd eigd i fellesskap. Det blir leia av eit styre, og er eit sjølvstendig rettssubjekt.


Aksjeselskap kan vere heileigd av kommunen, men dei kan også eige det saman med andre. Selskapsforma er primært tenkt nytta til forretningsmessige oppgåver. Selskapet blir leia av

generalforsamling og styre, og det er eit sjølvstendig rettssubjekt. Ansvaret for pliktene til selskapet er avgrensa til den kapitalen kommunen har tilført selskapet.

Stiftingar er sjølveigande og blir leia av eit styre. Dei er sjølvstendige rettssubjekt.

Ved **konkurranseutsetjing** blir oppgåva løyst av den verksemda som vinn fram i tevlinga. Denne verksemda kan vere organisert på fleire måtar. Kommunen må styre gjennom konkurransegrunnlaget, kontrakten og kontraktsoppfølginga.

Alternative organisasjonsmodeller



4. Omfanget av kommunalt eigarskap i Sunnfjord kommune

Sunnfjord kommune har ingen kommunale føretak, men 3 kommunale oppgåvefellesskap, eit interkommunalt politisk råd, tre interkommunale selskap, eigarskap i 25 aksjeselskap og eit pensjonsselskap. Av aksjeselskapa er eitt (Sunnfjord Tomteselskap AS) heileigd av kommunen, dei andre er eigde anten i lag med kommunar eller privat, eller i ein kombinasjon av dette. Eigarprosenten varierer frå 74 % til 0,08 %.

Organisasjon	Namn på selskap/ eining	Eigardel %
Komm. oppgåvefellessk.	SYSIKT Kommunalt Oppgavefellesskap	
Komm. oppgåvefellessk.	Vestland revisjon kommunale oppgåvefelles.	
Komm. oppgåvefellessk.	SEKOM sekretariat	
Interkomm. politisk råd	Fjordane interkommunalt politisk råd	
IKS	Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktsamarbeid IKS	
IKS	Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	
IKS	Sunnfjord Miljøverk IKS	71,39 %
Aksjeselskap	Ankerløkken Eigedom AS	25 %
Aksjeselskap	Enivest AS	0,9 %
Aksjeselskap	Firda Billag AS	28,2 %
Aksjeselskap	Førde Sør AS	25,8 %
Aksjeselskap	Sunnfjord Tomteselskap AS	100 %
Aksjeselskap	Jostedalsbreen AS	2 %
Aksjeselskap	Jølster Skisenter AS	57,3 %
Aksjeselskap	Kinoalliansen AS	3,7 %

Organisasjon	Namn på selskap/ eining	Eigardel %
Aksjeselskap	Kystvegen Måløy - Florø AS	15 %
Aksjeselskap	Naustdalstunet AS	40 %
Aksjeselskap	Origod Holding AS	15,4 %
Aksjeselskap	Rødekorsbygget AS	35 %
Aksjeselskap	Sogn og Fjordane Energi AS	A-aksjar 0,05 % B-aksjar 0,03 %
Aksjeselskap	Sogn og Fjordane Holding AS	15 %
Aksjeselskap	Teater Vestland AS	20 %
Aksjeselskap	Stardalen Bygdetun AS	18,1 %
Aksjeselskap	Eviny AS	2,3 %
Aksjeselskap	Sunnfjord Utvikling AS	54 %
Aksjeselskap	SunnLab AS	49,3 %
Aksjeselskap	Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS	1,6 %
Aksjeselskap	Nordfjordbrua AS	0,9 %
Aksjeselskap	Vann Vest AS	3,4 %
Aksjeselskap	Campus Førde verftet AS	10 %
Aksjeselskap	Kommunekraft AS	0,3 %
Vertskommunesamarbeid	Alden Hamneområde	
Vertskommunesamarbeid	Vest brann- og redningsregion (110 vest)	
Vertskommunesamarbeid	Brann og feiarvesenet	
Vertskommunesamarbeid	Folkehelseavdelinga	
Vertskommunesamarbeid	Krisesenter	
Vertskommunesamarbeid	Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord	
Vertskommunesamarbeid	Interkommunalt utval mot akutt ureining - Sogn og Sunnfjord IUA	
Pensjonsselskap	KLP	0,3 %
Samarbeid	Nordfjord vassområde	
Samarbeid	Sunnfjord vassområde	
Medlem	Landssamanslutninga for Vasskraftkommunar (LVK)	
Medlem	Landssamanslutninga for Nynorskommunar (LNK)	
Medlem	Transparancy International	
Medlem	Vestnorges Brüsselkontor	

Kommunen er medstiftar i 7 stiftingar:

- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
- Stiftinga Grovene
- Nok. Sogn og Fjordane
- Stiftinga Bensentunet
- Gaular Bustadstifting
- Heimly Bustadstifting

Her er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølve. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftingar har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei

generalforsamling, der eigarane utøver mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å utvikle ein strategi for kommunen si ev. deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Kommunen vel styremedlem(ar) i stiftingane.

Stortinget har vedteke endringar i stiftelseslova gjeldande frå 1. januar 2023 som gjer det enklare å oppheve bustadstiftingar som er oppretta av kommunar. Lovendringa gjeld i seks år, dvs. ut 2028.

Sunnfjord kommune er også engasjert internasjonalt i Vest-Norges Brusselkontor, Venskapssamarbeid med Kent i USA, vennskapskommune i La Crosse USA, samarbeid med Opoczno kommune i Polen i eit EØS program og utvekslingsprosjekt med Ntchisi i Malawi i eit globalt samarbeid i regi av Norec.

5. Eigarolla

5.1 Vurdering og val av selskapsform

Det er eigaren sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, oppgåver, eigarstyringsbehov, samfunnsansvar, omsynet til innsyn, marknadsmessige forhold og det aktuelle lovverket.

- Selskap som opererer i ein marknad i konkurranse med andre aktørar, samtidig som dei utfører kommunale oppgåver som ikkje skjer i konkurranse med andre, bør som hovudregel skilje ut den marknads retta delen av verksemda for å unngå brot på reglane om offentleg støtte.
- Tar selskapet risiko og opererer i ein marknad bør det etablerast eit aksjeselskap.
- Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi for fleire kommunar kan interkommunale selskap vere ei hensiktsmessige form.
- Der ein enkeltkommune skal drive ei verksemd i eigenregi, kan kommunalt føretak (KF) vere ein hensiktsmessig form.
- Stiftingar bør ikkje brukast for verksemd som krev eigarstyring.

5.2 Formål med kommunen sin eigarskap

Eit aktivt og godt eigarskap er grunnleggjande for ei best mogeleg lokalpolitisk forvaltning av kommunen sine samla verdiar og har direkte konsekvensar for selskapa, deira disposisjonar og marknadsposisjon. Kommunen bør derfor kommunisere kvart kva dei ønskjer å oppnå med selskapa og sitt samarbeid.

- Ein eller fleire av dei fem kategoriane nedanfor bør leggast til grunn for utforming av mål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:
 - Finansielt motivert (investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid)
 - Politisk motivert (t.d. arbeidsplassar, fødselshjelpar ved etablering)
 - Effektivisering av tenesteproduksjon (t.d. renovasjon)
 - Samfunnsøkonomisk motivert (t.d. sikre god infrastruktur)

- Regionalpolitisk posisjonering
- Sal bør særleg vurderast i tilfelle der formålet med selskapet er endra.
- Sunnfjord kommune skal i framtida vere tilbakehalden med å gå inn som med stiftar i stiftingar.
- Kommunalt eigarskap og rolla som med stiftar skal vurderast opp mot følgjande kriterium:
 - Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
 - Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
 - Kommunen kan organisere deler av den kommunale/ interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.

5.3 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapet si verksemd skal tydeleggjera i vedtekten/selskapsavtalen. Innanfor ramma av vedtekten/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar.

- Kommunestyret skal utarbeide og jamleg revidere styringsdokumenta og avtalene som regulerer styringa av selskapet.

5.4 Utbytte

Eigarane skal ha eit bevisst forhold til ein eventuell forventa avkastning. For selskap som opererer innanfor ein marknad skal prinsippa for utbytepolitikk klargjera og deretter fremmast for eigarorganet. Langsiktig heit og samfunnsansvar bør leggast til grunn for det kommunale eigarskapet.

- I selskap med næringsdrift bør kommunen, som hovudregel, stille krav om utbytte frå dei selskapa kommunen er medeigar i. Dette omfattar Eviny AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Sogn og Fjordane Energi, Rødekorsbygget AS, Firda Billag AS og Eninvest AS.

5.5 Samfunnsansvar og etikk

Kommunale selskap forvaltar fellesskapet sine ressursar. Forvaltninga skal skje på ein måte som samsvarar med befolkninga sin oppfatning om rett og galt. Omdøme til kommunen vil derfor i aukande grad avhenge av korleis ein forvaltar sitt samfunnsansvar gjennom sine selskap. Samfunnsansvar kan relaterast til likestilling, integrering, arbeid mot korruption, etikk, HMS, openheit og innsyn, kvalitet, brukarmedverknad og miljø- og klimatiltak. Styret og den daglege leiinga i selskapa har ansvar for å integrere samfunnsansvar i drifta.

Etikk er ein viktig del av dei vurderingar som skal gjerast for å drive eit selskap samfunnsansvarleg fordi dei etiske haldningane legg grunnlag for korleis ein faktisk handlar.

- Etiske retningslinjer bør utarbeidast i kvart selskap.
- Retningslinene bør diskuterast og eventuelt reviderast årleg.

5.6 Medlem i arbeidsgjevarorganisasjon

Kommunalt tilknytte selskap som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt har ikkje eit avleia medlemskap i KS gjennom eigarskapet til kommunen. Selskapet må sjølv melde seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon for å vere omfatta av dei tariffavtalene organisasjonen har inngått og av det interessepolitiske arbeidet organisasjonen gjer.

- Selskap som er kommunalt tilknytte bør søke medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon for ivaretaking av tilsette.

5.7 Styret – ansvar, habilitet og lojalitet

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret. Det er heimla i aksjelova og lov om interkommunale selskap. Det betyr at styret har det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamling i aksjeselskap og representantskap i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i forvaltninga av selskapet. Dei har rolla som såkalla operative eigarorgan.

Styret er ansvarleg for at selskapet blir forvalta lojalt i samsvar med formålet med selskapet. Styret skal difor sørge for at selskapet realiserer den visjonen som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følgje opp, evaluere og kontrollere leiinga.

Styret skal sørge for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i utøvinga av oppgåvene sine. Dette inneber at styret greier å skilje rollar og unngå rolleblanding. Dette er særleg viktig i offentleg eigde selskap sidan her er mange ulike interessentar med sine spesielle krav og forventningar.

Styreverv i selskap er eit personleg verv. Medlemmar av styret representerer berre seg sjølv, ikkje nokon av eigarane, og dei skal ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

- Selskapet skal sikre opplæring av styremedlemmane.

5.8 Eigarmøte

Eit eigarmøte er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet.

- Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet.
- For følgjande selskap bør eigarmøte gjennomførast minimum årleg; Eviny AS, Ankerløkken Egedom AS, Sunnfjord Miljøverk IKS og Sunnfjord Tomteselskap AS.

5.9 Eigarskapsmelding/ informasjon til kommunestyret

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunestyret minst ein gong i valperioden utarbeid ei eigarskapsmelding som mellom anna fastset overordna prinsipp for kommunen sitt eigarskap.

- Sunnfjord kommune utarbeider eigarskapsmelding med eigarstrategi og omtale av kvart av selskapa annakvart år.

- Innkallingar og protokollar frå alle generalforsamlingar/representantskapsmøte blir refererert til kommunestyret løypande.
- Styreleiar og dagleg leiari selskap kommunen er eigar i blir invitert til kommunestyre for å informere om drift, økonomi, strategi og planar. Dette skal i løpet av 2024/ 2024 minimum omfatte Sunnfjord Tomteselskap AS, Sunnfjord Utvikling AS, Sunnfjord Miljøverk IKS og Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktssamarbeid IKS.
- Informasjon om eigarskap bør vere lett tilgjengeleg på nettsida til Sunnfjord kommune.

6. Utøving av kommunalt eigarskap

6.1 Val av utsending til generalforsamling/eigarorgan

Eigarstyring skal utøvast innanfor ramma av kommunestyret sine vedtak.

- For aksjeselskap og interkommunale selskap blir det tilrådd at kommunestyret oppnemnar politisk leiing som selskapets eigarrepresentantar i eigarorganet.
- Der ikkje andre er valde av Sunnfjord kommunestyre, representerer ordføraren eller den han gjev fullmakt i Sunnfjord kommune i generalforsamlingar og representantskap.

Eigarutøvinga skal spegle kommunestyret samla/ fleirtalsvedtak. Det er sentralt at det blir oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamling/ representantskapsmøte. Det er utsendingane til generalforsamling/representantskap si oppgåve å utøve kommunen sine interesser i samsvar med fleirtalet i kommunestyret.

- Det bør derfor etablerast ei ordning der utsendingane drøftar slike saker/eigarpolitikken med Sunnfjord kommunestyre når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden.
- Hastesaker kan drøftast med formannskapet. Denne ordninga bør som hovudregel berre gjelde dei store selskapa Sunnfjord kommune er eigar i:
 - Eviny
 - Firda Billag
 - Sunnfjord Miljøverk
 - Ankerløkken Egedom
 - Sunnfjord og Ytre Sogn legevaktssamarbeid (SYS IKL)
 - Sunnfjord Utvikling

Ofte er tidsfristane korte i slike saker. Orienteringane kan derfor også måtte skje i etterkant av generalforsamlinga/ representantskap.

- Orienteringa kan skje ved munnleg orientering eller som ei melding til Sunnfjord kommunestyre.

Generalforsamlinga eller representantskapet er formelle eigarorgan og har den øvste myndighetene i selskapa.

- Avgjerder om innkallingsfrist bør takast inn i vedtekten, slik at det blir teke omsyn til det behovet kommune har for å ha nok tid til å behandle aktuelle saker.

6.2. Val av styre

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret blir samansett og gjeve dei nødvendige styringsrammer for å utøve sitt virke som eit profesjonelt organ. Eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetanse messig.

- Sunnfjord kommune skal vektlegge kompetanse hos styremedlemmar for å få ei samansetting av styret som best mogeleg tek i vare selskapet i tråd med eigaren sitt føremål.

Ordninga med valkomité er ikkje lovregulert, og bør derfor vedtekts festast eller nedfellast i selskapsavtalen. Valkomiteen skal på oppdrag frå eigarorgana i selskapet finne og foreslå kandidatar til styret i selskapet.

- For å oppnå aktive og kompetente styre skal det i størst mogleg grad nyttast valkomitear ved styresamansetjing i aksjeselskap og interkommunale selskap. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen setjast saman for å spegle eigardelar. Valkomiteen bør grunngje sine forslag.

Det er viktig å unngå rolleblanding og dobbeltroller i konsernforhold. Særleg må ein vere oppmerksam på problemstillinga som er knytt til anbod innan i konsernet.

- Styremedlemar i morselskap bør som hovudregel ikkje sitte i styret til eit datterselskap.

Eigarane har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå dei måla selskapet har sett.

- Styret bør vurdere eigen kompetanse jamleg og etablere rutinar for å sikre nødvendig kompetanse.

Det er lovkrav om balansert kjønnsrepresentasjon for styra i aksjeselskap og interkommunale selskap.

- Styra i aksjeselskap og interkommunale selskap der Sunnfjord kommune er medeigar, skal ha mest mogeleg kjønnsbalanse.

Lovverket gjev moglegheit for å peike ut anten personlege eller numeriske vara. Anbefalinga om numerisk vara er gitt ut i frå behovet for kontinuitet og kompetanse. Det blir også tilrådd at 1. vara blir invitert til styremøta for på den måten å sikre best mogleg kompetanse og kontinuitet.

- Der det blir peika ut vara til styre bør ordninga med numerisk vara nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

6.3 Rolla som styremedlem

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Ein styremedlem representerer seg sjølv og ikkje eigarane. Han skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane.

- Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er.
- Ein aktiv eigarskap betyr også at ein styremedlem kan skiftast ut dersom eigaren meiner han ikkje fremjar eigarane sine interesser på ein god måte.

6.4 Opplæring av og informasjon til folkevalde

Sidan kommunestyret har valt å legge ein del av verksemda si inn i selskap, inneber det og overføring av styringsrett til verksemda. Det er viktig at kommunestyret som eigar får kunnskap og innsikt i omfang av selskapsorganisering og dei styringsmoglegheitene kommunen har for dei selskapa kommunen har eigarandelar i. Det er også viktig at dei folkevalde får innsikt i dei ulike rollene dei har som folkevalde.

- Sunnfjord kommune bør som ein del av folkevaldopplæringa gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til eigarstyring av utskilt verksemd. Den første opplæringa bør gjennomførast i løpet av de første 6 månadane av valperioden.
- Det blir tilrådd at kommunestyret tidleg i perioden får førelagt ei oversikt over status for selskapa.

6.5 Registrering av styreverv

Kommunar er avhengig av tillit til folket flest både når det gjeld forvaltning og styring. Openheit om kva roller lokalpolitikarar har, er viktig for å unngå mistanke om rolleblanding.

KS styrevervregister eit godt verktøy for å sikre openheit om kva roller og verv dei folkevalde leiarane har. Sunnfjord kommune registrerer folkevalde og leiarar i kommunen i registeret. Kommunale føretak, bedrifter og selskap må sjølve vedta å slutte seg til registeret. Opplysningar blir deretter innhenta automatisk frå Brønnøysundregisteret. Kva enkelt får ein e-post og mogleheit for å legge til opplysningar.

- Kommunale bedrifter og selskap bør slutte seg til styrevervregisteret.
- Alle som tek på seg styreverv og som sit i leiinga for kommunale føretak og selskap bør registrere verva på www.styrevervregisteret.no

6.6 Godtgjersle for styreverv

Aksjelova gjev generalforsamlinga ansvaret for å fastsetje godtgjersle til styremedlemane. I IKS er det representantskapet som fastset godtgjersla til styremedlemane, medan det er kommunestyret sjølv som fastset godtgjersle til styret i eit kommunalt føretak.

- Godtgjersla for styrevervet bør reflektere styret sitt økonomiske og strafferettslege ansvar, i tillegg til styremedlemane sin kompetanse og forventa bruk av tid, og kompleksiteten i verksemda.

- 
- Selskapa bør gjere ei konkret vurdering av behovet for styreforsikring for styremedlemene.

6.7 Habilitetsvurdering av styrerepresentantar

Spørsmål om inhabilitet når verksemda er lagt til selskap kan oppstå på to måtar:

- inhabilitet i saker som selskapet skal behandle
- inhabilitet når kommunen skal behandle ei sak der selskapet er part

Ein kommunestyrerepresentant som er styremedlem i ei verksemd (IKS og AS) vil hamne i habilitetskonflikt mellom rolla som eigar og rolla som styremedlem når selskapet er «part» i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 første ledd.

Inabilitet gjeld ikkje ved behandling av overordna saker som årsbudsjett, økonomiplan, og kommuneplan fordi ingen er «part».

I tillegg til direkte inhabilitet kan det oppstå avleia inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd når det er «andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til upartiskheit». Her må kvart tilfelle vurderast særskilt. Kommunestyremedlem bør avklare habilitetsspørsmål i forkant ved hjelp av ein juridisk vurdering frå administrasjonen.

For meir informasjon sjå [rettleiar om habilitet frå Kommunal og regionaldepartementet](#).

- Styret i selskapet bør etablere faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonflikter.
- Ordførar og kommunedirektør bør ikkje sitje i styre i selskap.

6.8 Kontroll

Kommunestyret har kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket blir etterlevd og at etiske omsyn blir ivaretakne. Kontrollen blir utført blant anna gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollansvaret gjeld og når ei verksemd er skilt ut i eigne selskap.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret påsjå at det blir ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap. Kontrollutvalet har derfor ei viktig rolle i kommunen sin kontroll med selskap.

- Det er viktig at kontrollutvalet blir sikra gode nok rammevilkår slik at dei har moglegheit til å utøve sin funksjon på ein gode måte.

Det er opp til kommunestyret å avgjere om selskapskontrollen og skal omfatte forvaltningsrevisjon, som inneber systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnadar.

Etter kommunelova skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen, som skal vedtakast av kommunestyret, skal basere seg på ei vurdering av risiko og kor vesentleg kommunen sitt eigarskap er.



Del II

OMTALE AV KVART SELSKAP

Meldinga er skriven med grunnlag i selskapa sine rapporterte opplysningar som ligg på proff.no og nøkkellopplysningar frå Enhetsregisteret.

Meldinga omhandlar alle selskapa som går fram av oversikta på side 6. I tillegg kjem ein kort omtale om kommunen som selskapsmedlem i Kommunal Landspensjonskasse.

Det er i omtalen av kvart selskap gitt ei tilråding om framleis eigarskap eller sal av aksjane.

Etter aksjelova kap. III kan aksjar overdragast dersom ikkje noko anna er bestemt i vedtekter eller aksjonæravtale. Overdraging krev samtykke frå styret med mindre vedtekten seier at samtykke ikkje blir kravd. Styret kan berre nekte å gi samtykke dersom det ligg føre sakleg grunn. Det kan i vedtekten fastsetjast nærmare vilkår for å nekte samtykke.

Ankerløkken Eigedom AS																																																
Org. nr. 987 240 148																																																
Selskapsform: Aksjeselskap																																																
Næringskode: 68.209 Utleie av egen eller leid fast eiendom																																																
Stiftingsår: 2004																																																
Dagleg leiar: Tor Opseth toopseth@online.no																																																
Lokalisering: Øyrane, 6800 Førde																																																
Sysselsetting: 0																																																
AKSJEKAPITAL 1 800 000 kroner																																																
KOMMUNAL EIGARDEL																																																
Sunnfjord kommune sin eigardel: 25 %																																																
Oversikt over andre aksjonærar: Sunnfjord Betong AS 12,5 %, Fossevik AS 12,5 %, Øyrane Eigedom AS 12,5 %, Selvik AS 12,5 %, Farsund Eigedom AS 12,5 % og MS Hafstad Holding AS 12,5 %.																																																
VEDTEKTTFESTA FORMÅL																																																
Eige og drive, utvikle og avhende heile eller deler av eigedomen Gnr. 21/ Bnr. 305, 649 og 652. Formålet kan ivaretakast i eigen regi eller i samarbeid med andre i form av etablering av eigne selskap eller i samarbeidsavtaler, på ein måte som sikrar høgast mogeleg avkastning for aksjonærane.																																																
STYRINGSDOCUMENT I VERKSEMDA																																																
<table border="1"> <thead> <tr> <th>x</th> <th>Aksjonæravtale</th> <th>x</th> <th>Vedtekter</th> <th>Etiske retningslinjer</th> <th></th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td></td> <td>Selskapsavtale</td> <td></td> <td>Styreinstruks</td> <td>Varslingsreglar/rutinar</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Samarbeidsavtale</td> <td></td> <td>Strategiplanar</td> <td>Klima-/miljøplanar</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	x	Aksjonæravtale	x	Vedtekter	Etiske retningslinjer			Selskapsavtale		Styreinstruks	Varslingsreglar/rutinar			Samarbeidsavtale		Strategiplanar	Klima-/miljøplanar																															
x	Aksjonæravtale	x	Vedtekter	Etiske retningslinjer																																												
	Selskapsavtale		Styreinstruks	Varslingsreglar/rutinar																																												
	Samarbeidsavtale		Strategiplanar	Klima-/miljøplanar																																												
NØKKELTAL																																																
<table border="1"> <thead> <tr> <th>Rekneskap (1000 kr)</th> <th>2023</th> <th>2022</th> <th>2021</th> <th>2020</th> <th></th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Driftsinntekter</td> <td>1 652</td> <td>1 671</td> <td>1 486</td> <td>1 264</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Årsresultat</td> <td>284</td> <td>61</td> <td>165</td> <td>259</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Sum egedelar</td> <td>42 627</td> <td>38 574</td> <td>34 062</td> <td>31 366</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Eigenkapital (%)</td> <td>73,8 %</td> <td>80,8 %</td> <td>70,2%</td> <td>75,7%</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Sum eigenkapital</td> <td>31 446</td> <td>31 162</td> <td>23 902</td> <td>23 737</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Utbytte</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> <td>0</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Kommunalt lån/garanti</td> <td>300</td> <td>300</td> <td>1 300</td> <td>0</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Rekneskap (1000 kr)	2023	2022	2021	2020		Driftsinntekter	1 652	1 671	1 486	1 264		Årsresultat	284	61	165	259		Sum egedelar	42 627	38 574	34 062	31 366		Eigenkapital (%)	73,8 %	80,8 %	70,2%	75,7%		Sum eigenkapital	31 446	31 162	23 902	23 737		Utbytte	0	0	0	0		Kommunalt lån/garanti	300	300	1 300	0	
Rekneskap (1000 kr)	2023	2022	2021	2020																																												
Driftsinntekter	1 652	1 671	1 486	1 264																																												
Årsresultat	284	61	165	259																																												
Sum egedelar	42 627	38 574	34 062	31 366																																												
Eigenkapital (%)	73,8 %	80,8 %	70,2%	75,7%																																												
Sum eigenkapital	31 446	31 162	23 902	23 737																																												
Utbytte	0	0	0	0																																												
Kommunalt lån/garanti	300	300	1 300	0																																												
EIGARORGAN																																																
Generalforsamling.																																																
STYRET																																																
Styreleiar: Vidar Grønnevik																																																
Styremedlem: Egil Jacobsen, Helge Robert Midtbø, Kurt Leon Opseth, Leif Arne Åsen, Magne Sturle Hafstad, Tor Opseth og Tore Farsund.																																																
Valprosess: Etter vedtekter i generalforsamling.																																																
RAPPORTERING TIL KOMMUNEN																																																
Driftsrapportar og årsmelding.																																																
KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI																																																
Ankerløkken eigedom eig eit viktig industri- og næringsareal på Øyrane i Førde med tilgang til sjø og kaianlegg. Spennande utvikling som Sunnfjord kommune bør vere med å støtte opp om. Representerer store verdiar for kommunen.																																																
Tilråding: Vidareføre eigarskapen.																																																

Eninvest AS

Org. nr. 982 503 620

Selskapsform: Aksjeselskap
Næringskode: 61.100 Kabelbasert telekommunikasjon
Stiftingsår: 2000
Dagleg leiar: Nandor Helgheim Nandor.helgheim@eninvest.no
Lokalisering: Firdavegen 5, 6801 Førde
Sysselsetting: 64

AKSJEKAPITAL 18 359 000 kroner

KOMMUNAL EIGARDEL

Sunnfjord kommune sin eigardel: 0,708 %

Oversikt over andre aksjonærar: Eviny AS 55,664 %, Sogn og Fjordane Energi AS 40,291 % BKK Digital AS 3,6 %, Tussa IKT AS 1,699 %, N Helgheim AS 1,364 %, Hyllestad kommune sentraladmin 0,142 % og Gloppen kommune 0,133 %.

INTERNETTADRESSE: www.eninvest.no

VEDTEKTFESTA FORMÅL

På forretningsmessig basis, å opprette og tilby framtidsretta kommunikasjonsnett og tenester knytt til denne typen nett, her medrekna deltaking i og kjøp/sal av andre selskap med liknande formål. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap, når dette er eigna til å styrke hovudforretningsområdet, eller føre til meir rasjonell utnytting av selskapet sine resursar.

STYRINGSDOCUMENT I VERKSEMDA

x	Aksjonæravtale	x	Vedtekter	Etiske retningslinjer	
	Selskapsavtale		Styreinstruks	Varslingsreglar/rutinar	
	Samarbeidsavtale		Strategiplanar	Klima-/miljøplanar	

NØKKELTAL

Rekneskap (1000 kr)	2023	2022	2021	2020
Driftsinntekter	254 817	226 566	210 038	190 962
Årsresultat	9 775	19 441	23 743	19 490
Sum egedelar	998 066	530 688	448 198	385 463
Eigenkapital (%)	57,9 %	30,9 %	34,5 %	36,6 %
Sum eigenkapital	578 073	164 126	154 685	140 942
Utbytte	8 000	10 000	10 000	0
Kommunalt lån/garanti	0	0	0	0

EIGARORGAN

Generalforsamling.

STYRET

Styreleiar: Jørn Eirik Hodne

Nestleiar: Roger Flølo

Styremedlem: Ingvild Ragna Myhre, Torbjørn Os, John Helge Lunde, Sara Hopland Bergset og Anne Hatleskog.

Varamedlem: Martin Holvik og Henrik Bernt Håkonsen.

RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Årsmelding og årsrekneskap.

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Sunnfjord kommune er avhengig av gode kommunikasjonsliner i regionen. Gjennom deltaking i selskapet hentar kommunen ut kompetanse og kan gje innspel til viktige satsingsområder framover.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

Firda Billag AS

Org. nr. 997 269 853

Selskapsform: Aksjeselskap

Næringskode: 68.209 Godstransport på vei. Utleie av egen eller leid fast eigedom.

Stiftingsår: 2011

Dagleg leiar: Nils Aslak Huus nils@firda-billag.no

Lokalisering: Storehagen 4, 6800 Førde

Sysselsetting: 12

AKSJEKAPITAL 10 000 000 kroner

KOMMUNAL EIGARDEL

Sunnfjord kommune sin eigardel: 28,16 %

Oversikt over andre aksjonærar: Kinn kommune 14,47 %, Gloppen kommune 10,17 %, Høyanger kommune 7,82 %, Bremanger kommune 7,17 %, Stryn kommune 6,51 %, Fjaler kommune 6 %, Askvoll kommune 5,69 %, Firda Billas AS 5 % og Hyllestad kommune 4,58 % og Sogndal kommune 4,43 %.

INTERNETTADRESSE: www.firda-billag.no

VEDTEKTFESTA FORMÅL

Transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eiendom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.

Konsernstruktur.

STYRINGSDOKUMENT I VERKSEMDA

x	Aksjonæravtale	x	Vedtekter	x	Etiske retningslinjer
	Selskapsavtale	x	Styreinstruks	x	Varslingsreglar/rutinar
	Samarbeidsavtale	x	Strategiplanar	x	Klima-/miljøplanar

NØKKELTAL

Rekneskap (1000 kr)	2023	2022	2021	2020
Driftsinntekter	26 281	26 348	26 956	23 447
Årsresultat	5 103	1 787	3 848	348
Sum eigedelar	211 560	201 358	172 610	156 319
Eigenkapital (%)	53,2 %	54,1 %	62,3 %	66,3 %
Sum eigenkapital	112 555	108 952	107 504	106 656
Utbytte	0	0	0	0
Konsernbidrag dotter	0	1 576	0	0

EIGARORGAN

Generalforsamling. Innkalling 2 veker før møtet.

STYRET

Styreleiar: Håkon Martin Myrvang

Styremedlem: Inger Johanne Bergstad Osland, Petter Sortland, Siv Merete Stadheim, Leidulf Gloppestad, Asgeir Ripe, Ole Jonny Sunde og Elin Løset Vie.

Varamedlem: Ole Andrè Klausen, Tor-Bjørn Kyrkjebø, Britt Kyrkjebø Aarbergsbotten, Rune Øvrebø, Geir Inge Beinnes, Kjell Inge Fraekaland og Ann-Wenche Book.

Valprosess: Valkomite som innstiller til generalforsamling.

RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Årsmelding og årsrekneskap.

Selskapet er medlem av NHO Transport. Brukar ikkje styrevervregisteret, men selskapet har styreforsikring.

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Selskapet har ei viktig rolle i fylket. Den bedriftsøkonomiske lønnsemada er svak.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen. Framtidig vurdering av eigarskapen må skje i samråd med dei andre eigarkommunane.

Førde Sør AS

Org. nr. 975 778 010

Selskapsform: Aksjeselskap

Næringskode: 52.212 Drift av parkeringsplassar og parkeringshus i Førde.

Stiftingsår: 1995

Kontakt person: Jonny Tjønn

Lokalisering: Hafstadvegen 27, 6801 Førde

Sysselsetting: 0

AKSJEKAPITAL 950 000 kroner

KOMMUNAL EIGARDEL

Sunnfjord kommune sin eigardel: 25,789 %

Oversikt over andre aksjonærar: Førdetunet AS 14,737 %, Hafstadgården AS 7,895 %, Førde Sør AS 6,842 %, Elvetunet AS 6,316 %, Fokusgården AS 5,789 %, Førde bil og rekvisita eigedom AS 5,263 %, Berge Eiendom AS 3,684 %, Bøkely AS 2,632 %, Løkstad ANS 2,632 %, Hjelmelandsgården AS 2,632 %, Flomstunet AS 2,632 %, Bankplassen AS 2,632 %, Marit Nivalsaker Bruland 1,579 %, Åsen & Øvreliid AS 1,053 %, Tomas Marcinkowski 1,053 %, Sameiget Hafstadvegen 29 1,053 %, Sunnfjord Eigedom AS 0,526 %, Førde Hotell AS 0,526 %, Førde Ungdomslag 0,526 %, Klakegg Eiendom AS 0,526 %, Elveleia AS 0,526 % og Sameige Hafstadvegen 27 0,526 %.

VEDTEKTFESTA FORMÅL

Bidra til å utvikle bydelen Førde Sør. Selskapet skal arbeide med fellestiltak som øker eiendommenes verdi/leieverdi.

Selskapet skal ha som oppgave å opparbeide, forvalte og omsette parkeringsplasser, parkeringshus og annen fast eiendom i Førde.

STYRINGSDOCUMENT I VERKSEMDA

	Aksjonæravtale	x	Vedtekter		Etiske retningslinjer	
	Selskapsavtale		Styreinstruks		Varslingsreglar/rutinar	
	Samarbeidsavtale	x	Strategiplanar		Klima-/miljøplanar	

NØKKELTAL

Rekneskap (1000 kr)	2023	2022	2021	2020
Driftsinntekter	266	266	266	241
Årsresultat	49	27	44	99
Sum egedelar	1 322	1 269	1 240	1 198
Eigenkapital (%)	94 %	94,1 %	94,1 %	93,8 %
Sum eigenkapital	1 243	1 194	1 167	1 124
Utbytte	0	0	0	0
Kommunalt lån/garanti	0	0	0	0

EIGARORGAN

Generalforsamling.

Eigarane utpeikar representant som møter på generalforsamling.

STYRET

Styreleiar: Jonny Tjønn

Styremedlem: Bjørnar Ring Karlsen, Ola Kristian Tenold, Jan Andre Farsund og Roger Marton Vikum.

Valprosess: Generalforsamlinga vel styremedlemar og styreleiar.

RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Sunnfjord kommune er i dag ein stor tomteeigar i Sentrum Sør, og deltek derfor i lag med andre eigarar i Førde Sør AS. Førde Sør AS er også eit viktig organ for sentrumsutviklinga i Førde.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

Sunnfjord Tomteselskap AS

Org. nr. 930 119 202

Selskapsform: Aksjeselskap

Næringskode: 41.109 Utvikling og salg av egen fast eigedom elles.

Stiftingsår: 1966

Dagleg leiar: Gisle Stafsnæs

Lokalisering: Hafstadvegen 42, 6800 Førde

Syssselsetting: 1-4

AKSJEKAPITAL 3 000 000 kroner

KOMMUNAL EIGARDEL

Sunnfjord kommune sin eigardel: 100 %

INTERNETTADRESSE: sunnfjordtomteselskap.no

VEDTEKTTFESTA FORMÅL

Erverve areal, utvikle areala til tomter/eigedomar som kan overdragast til kjøpar, samt yte konsulenttenester. Som ledd i den sosiale bustadbygginga og for å fremje næringsutvikling kan selskapet, åleine eller gjennom å delta i anna verksemd, føre opp bustadar og næringsbygg, med sikte på både sal og utleige.

STYRINGSDOCUMENT I VERKSEMADA

	Aksjonæravtale	x	Vedtekter	Etiske retningslinjer	
	Selskapsavtale		Styreinstruks	Varslingsreglar/rutinar	
	Samarbeidsavtale	x	Strategiplanar	Klima-/miljøplanar	

NØKKELTAL

Rekneskap (1000 kr)	2023	2022	2021	2020
Driftsinntekter	3 924	6 044	4 318	554
Årsresultat	- 3839	- 2 346	-148	-678
Sum eigedelar	45 905	49 949	23 569	23 653
Eigenkapital (%)	97,8%	97,6 %	94,8 %	95,1 %
Sum eigenkapital	44 891	48 730	22 346	22 494
Utbytte	0	0	0	0
Kommunalt lån/garanti	22 000	22 000	22 000	22 000

EIGARORGAN

Generalforsamling.

Eigarane utpeikar representant som møter på generalforsamling.

STYRET

Styreleiar: Silje Skaar Sunde

Nestleiar: Karsten Løvlid

Styremedlem: Mathias Karl Råheim, Rune Standnes Hegrenes og Nina Elise Hjartholm.

Varamedlem: Frode Molnes, Tore Fossen og Ane Persdotter Østby Birkeland.

Valprosess: Sunnfjord kommune vel styremedlemar inkludert leiar og nestleiar.

RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Årsmelding og årsrekneskap. Løpende dialog.

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Kommunalt heileigd selskap. Selskapet tilført areal gjennom tinginnskot for å utvikle tomtar i heile kommunen.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

Jostedalsbreen AS

Org. nr. 913 008 707

Selskapsform: Aksjeselskap

Næringskode: 42.110 Bygging av veier og motorveier.

Stiftingsår: 2013

Dagleg leiar: Ola Fugle

Kontaktperson: Steinar Dvergsdal

Lokalisering: Jølstravegen 3264, 6843 Skei

Sysselsetting: 0

AKSJEKAPITAL 4 935 000 kroner

KOMMUNAL EIGARDEL

Sunnfjord kommune sin eigardel: 2,03 %.

Oversikt over andre aksjonærar: 23 aksjonærar med 3,659 % kvar. 2 aksjonærar med 1,829 %.

VEDTEKTTFESTA FORMÅL

Førebu, bygg, eige og drive veg til Tverrfjelle på Jostedalsbreen.

STYRINGSDOCUMENT I VERKSEMDA

	Aksjonæravtale	x	Vedtekter	Etiske retningslinjer	
	Selskapsavtale		Styreinstruks	Varslingsreglar/rutinar	
	Samarbeidsavtale		Strategiplanar	Klima-/miljøplanar	

NØKKELTAL

Rekneskap (1000 kr)	2023	2022	2021	2020
Driftsinntekter	0	2 000	74	91
Årsresultat	-1 722	112	-201	22
Sum egedelar	3 068	4 626	4 481	567
Eigenkapital (%)	93,5 %	99,3 %	100 %	100 %
Sum eigenkapital	2 870	4 593	4 481	567
Utbytte	0	0	0	0
Kommunalt lån/garanti	0	0	0	0

EIGARORGAN

Generalforsamling.

Eigarane utpeikar representant som møter på generalforsamling.

STYRET

Styreleiar: Ola Fugle

Nestleiar: Steinar Dvergsdal

Styremedlem: Atle Henning Lunde, Sindre Saue Årdal, Stein Åge Sunde og Kristine Hjelmbrekke.

Varamedlem: Andre Sunde.

RAPPORTERING TIL KOMMUNEN

Årsmelding og årsrekneskap.

KOMMUNEN SIN EIGARSTRATEGI

Utviklingsprosjekt der det er viktig at kommunen er med.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

Jølster Skisenter AS

Org. nr. 942 578 970

